


# Leikanger Kyrkjelyds BLAD

Nr. 1 - 2015 Årgang 69

Salmar og kaffi  
Kyrkjeval  
Kor kristen må du vera  
for å gå i kyrkja?  
Fasteaksjonen  
Påske 2015

A photograph of a man and a woman smiling at the camera. They are standing in front of a large pipe organ. The woman, on the left, has short blonde hair and is wearing glasses, a brown turtleneck, and a dark patterned jacket. The man, on the right, is balding with a mustache and is wearing a black zip-up shirt.

Takk, Diccon og Sandra!

# Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

## ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOWNDAL

### KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:  
Kyrkjevegen 6, Stedjetunet,  
6856 Sogndal  
Tlf sentralbord: 57 67 99 85,  
E-post: post@sogndal.kyrkja.no

### KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide  
Telefon mobil: 404 76 682  
E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no  
jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

## SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Egon Askvik  
easkv@online.no Tlf. 907 63 554  
Treffetid etter avtale - måndag fri.

## KYRKJETENAR/KLOKKAR/REINHALDAR:

Sandra Pearce  
holli@sogningen.com Tlf. 951 60 890  
Fredag fri

### ORGANIST:

Diccon Pearce  
d.pearce@online.no Tlf. 57654157/974 35 982  
Kontor i bustad - fredag fri

### SOKNERÅDSLEIAR:

Anne Kristin England  
akeng@online.no, Tlf: 950 46 062

## LEIAR I LEIKANGER OG SOWNDAL FELLESRÅD:

Marit Lunde Mundal

## KOMMUNAL REPRESENTANT FOR LEIKANGER I FELLESRÅDET:

Ole Simen Nesdal

### LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Svangstu  
kirsti.svangstu@enivest.net Tlf: 915 82 293

[www.facebook.com/leikangerkyrkja](http://www.facebook.com/leikangerkyrkja)

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) Kyrkja sentralt sin nettstad

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin) Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

[www.leikanger.kommune.no/kyrkja](http://www.leikanger.kommune.no/kyrkja)

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og  
gudstenesteliste

<http://www.sogndal.kyrkja.no> Informasjon  
om kyrkja i Leikanger og Sogndal

### LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

organ for Leikanger sokneråd

Redaktør: Egon Askvik

Redaksjonsnemnd:


Signe Eikenes og Kirsti Svangstu

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk Husabø prenteverk

Neste nummer kjem i slutten av august. Frist for  
innsending av stoff er 15. august.



Chartreskatedralen, malt av Johannes Vinjum fra Aurland

## CREDO

Å tro er ikke vissitet, men å lene  
sitt hjertes savn og lykke  
mot en større favn enn vår

Og trøstes med at det vi ser omkring oss  
er for vakkert til å leve bare disse korte år  
Og siden dø fra tid og navn  
Vi tror at alt er i Guds havn

Å tro er ikke påstand, men å våge  
Å se at det bor smerte  
bak en fiendes stengte blikk  
Å leve slik at noen her på jorda  
kan bli møtt som elsket venn  
på tvers av frykt og ulik skikk  
Å gi vår søster Kristi navn  
Vi tror at alt er i Guds favn

Å tro er ikke tanker, men å elske  
Å være del av noe som er større enn oss selv  
Å se at om vi hører til en kirke  
er Guds verden større  
enn vårt hode rommer nå i kveld  
Gud gir hvert ansikt liv og navn  
Vi tror at alt er i Guds favn.

Erik Hillestad  
"Rammet av kjærlighet"  
Kirkelig Kulturverksted 2010

# Det er ein låg terskel her

Det folkekirkjelege står sterkt i Leikanger. Mitt inntrykk er at det er ein låg terskel her for å gå til kyrkje ved særlege markeringar, konsertar og kyrkjelege handlingar. Kanskje folk ikkje ser det sjølv at dei slik slik sett går ganske mykje i kyrkja?



Diccon og Sandra Pearce sluttar i sommar som organist og kyrkjetenar i Leikanger gjennom mange år. Diccon har 20 år som organist, medan Sandra byrja for nokre år sidan som tilsett. Intervjuet med Diccon er henta frå boka "KYRKJEFOLK" (sjå eigen omtale).

*– Du har vore organist i Leikanger kyrkjelyd i over 20 år. Korleis var det å koma frå England og hit?*

– Eg må vera ærleg og sei at eg hadde mine fordommar. Og då eg kom inn i kyrkja reagerte eg sterkt på dei svære portretta av 1600-talsprestane som fyller heile langveggen i skipet. Men me kom snart inn i kyrkjelivet her.

*Diccon er fødd i Birmingham i England og var som liten med i speidaren og som alle guitar i England song han i kor. Han var ganske god, så han vart "Lead-choir-boy" – fyrstesolist i guttekoret, men då han kom i stemmeskiftet fekk det ein brå slutt. Han byrja interessere seg for klokkeringing. Det høyrest spesielt ut, men i England er det eit velkjend fenomen. Dei reiste rundt i distriktet og ringte med kyrkjeklokker. Han har til og med ringt med klokkene i St.Paul-katedralen i London!*

### **Piano, trombone og kontrabass**

*– Kvar fekk du di musikkutdanning?*

– Etter eit år med gresk og latin, byrja eg på Dartington College of Art. Piano og trombone var mine hovudinstrument, men eg smakte på fleire instrument, mellom anna kontrabass.

*– Korleis kom du til Noreg?*

– I min første jobb møtte eg Sandra og me gifte oss i mai 1978. Etterkvart trengde me litt spenning i livet. Me hadde ein ven som var distriktsmusikar i Finnmark. Han inviterte oss til å sökje som distriktsmusikarar der. Det var passe eksotisk og me hadde fire fantastiske år. Men mørketida var tøff og me returnerte til England. Denne gongen fekk me arbeid i Devan.

### **Sandra byrja gå i kyrkja**

*– Kva er din religiøse bakgrunn?*

– Eg er døypt inn i den anglikanske kyrkja, som er England si "folkekirkje", sjølv om den har ei litt anna historie. Eg hadde mi barnetru, men då eg vart student, følte eg at eg mista trua. Då me no kom attende til England kom Sandra ein dag og sa: - Eg vil byrja gå i kyrkja! Og eg svarte: - No problem, berre gå! Men det

vart likevel ikkje heilt uproblematisk for meg at ho vart så aktiv.

*– Kva gjorde du med det?*

– Eg gjorde ingen ting. I staden vart eg spurd om å hjelpe til med å sortere klede som kyrkjelyden hadde samla inn til Romania. Slik vart eg involvert, teke imot, verdsett og kom inn i eit arbeidsfellesskap med andre. Det gjorde noko med meg.

Den jula spurde Sandra meg om eg ville vera med på julegudstenesta. På den gudstenesta gret eg. Eg veit ikkje kva det var. Eg var nok komen heim. Eg gjekk fleire gonger til kyrkje den jula og eg sa til Gud: "Ok, eg kan byrja gå på sundagane, men eg kjem ikkje til å forandra meg!" Sidan vart eg med i ei husgruppe og vart ein del av eit fellesskap. Far min og syster mi har konvertert til den gresk-ortodokse kyrkja, så eg har etterkvart erfaring frå både anglikansk, luthersk og ortodoks kyrkjeliv og praksis.

*– Korleis vart du kyrkjemusikar*

– Eg hadde ei lita organiststilling i England, sjølv om eg aldri hadde spelt orgel. Det var ikkje noko hindring, for i den karismatiske kyrkjelyden var det band som spelte til salmane. Eg spelte orgel også. Var der i fem år. Men me kjende at me sakna Noreg.



*Diccon og Sandra har alltid hatt eit godt samspele, men firehendig orgelspel har dei førbels ikkje prøvd seg på.*

### **Lågare terskel**

*– Kva er forskjellen på norsk og engelsk kultur, veremåte og kyrkjeliv?*

– Det er ikkje godt å svara på. Kanskje ein er meir smalspora i England. Nordmenn er meir runde

og kompromissar kanskje meir? Og så er det det folkekirkjelege. Det er ein lågare terskel for å gå til kyrkje, særleg ved spesielle markeringar. Kanskje nordmenn ikkje ser det sjølv – at dei eigentleg går ganske mykje i kyrkja. I staben har me også lagt vekt på at når folk fyrst kjem, skal dei ha gode opplevingar i kyrkja !

*Diccon og Sandra kom til Leikanger i 1993 og har slik vore her i over 20 år. Det meste av tida har Diccon hatt halv stilling som organist og halv stilling i musikkkulen. Siste åra har Diccon kombinert organiststillinga her med å vera organist i Balestrand. Sandra har undervist i musikkkulen før ho byrja som kyrkjetenar i kyrkja. Dei har vore med i mange samanhengar, undervist utallige elevar i musikkkulen, dirigert kor og korps. I 2010 fekk dei velfortent kommunen sin kulturpris.*

– Det gir ei stor kontaktflate å ha så mange elevar og leia kor og korps. Eg trur det har betydd noko for mange si tilknyting til kyrkja – at dei er dregne inn til konserter og gudstenester her.

– Men er det ikkje ein stor overgang frå engelsk storby til norsk landsbygd?

– Heilt klart. England har 70 millionar menneske og det er tettbygde strøk nesten over alt. Det er høgare tempo og meir som skjer. Men eg har kjent meg fri her til å vera meg sjølv og opplevd folk som opne og venlege. Me har vorte venleg mottekne av alle! Me har likt livstilen. Men me har sakna eit fellesskap som går utover etablerte familieband – slektsbanda står sterkt her.

### Likar betre å fletta inn

– Etterlyser du meir aktivitet i kyrkja?

– Eigentleg ikkje. Eg synes det er naturleg at i ei lita bygd går kyrkja inn i ein stor samanheng der ein ikkje kan driva med mange parallelle aktivitetar. Men eit barnekor knytt til kyrkja hadde det kanskje vore rom for? Det vert mest idrettstilbod for borna?

– Kva er dine musikalske ideal?

– Eg er ganske fleksibel. Eg hører gjerne på klassisk romantisk musikk, som Rachmaninov. Men eg likar best å spele musikk som er kjend for folk. Elles likar eg ikkje at musikken dominerer, likar betre å fletta den inn.

– *Og du har høyrt eit ute preiker?*

– Her må eg trå varsamt. Berre sei at ein aldri veit kva som treff ulike menneske i ulike situasjonar, både i preike og liturgi eller salmar og musikk. Når det gjeld preiker plar eg seie at då eg var speidar var det to prestar i kyrkjelyden. Den eine snakka mest om læresveinane. Den andre kom seg meir til notida. Då, som no, set eg mest pris på den siste sorten.

– *Favorittsalmen?*

– ”Den dag du gav oss er til ende”. Det er eit spesielt ekteskap mellom tone og tekst i den. Og ”Fager er jordi”. Merkar at den betyr mykje for folk her.

- *Kva tid reiser de?*

- Det vert avskjedsmarkering under ”Salmar&kaffi” sundag 7.juni, men me er her i sommar også. Siste gudstenesta me deltek på vert sundag 2.august



# Sandra skriv


“Då vi kom til Leikanger i 1993 underviste eg litt på fløyte i Musikkkulen. Det utvikla seg gradvis, til eg hadde 90% stilling og underviste i treblås og piano. Eg dirigerte også skulekorpset ei stund og hadde grunnopplæring i musikk på skulen. I 2007 vart seg sjuk og såg at musikklærarjobben nok var for belastande for meg. Eg var difor glad for at eg kunne få jobb som kyrkjetenar. Det var nok vemodig å slutta med undervisning, men 35 år er no ganske lenge! Eg har også dirigert Leikanger musikklag og gjer det enno. Det er kjekt.

Eg har trivest godt som kyrkjetenar. Det er ein fleksibel jobb og eg får brukt meg også som musikar, anten eg spelar i kyrkja eller eg leier babysongen. Det er fint å vera med i gravferder og gjevande å hjelpe pårørande til å laga ei verdig og fin avskilstund.

Det er vakkert i Leikanger og her er det stort nok til at du har det du treng. Det er ein trygg stad og det har vore fint å kjenne så mange flotte menneske.”



## 5 om Diccon og Sandra



KJELL SÆTER:

Eg er faktisk kry for å ha vore med å tilsette Diccon – og dermed fekk me også Sandra hit! For Diccon og Sandra har betydd svært mykje for kulturlivet i Leikanger, for musikken – og for mange menneske her – for bygda. Me er mange som er så takksame

for å ha kunna lytte til Diccon sitt gode orgelspel i gudstenester og på konserter og hans vakre pianostykke på Tysdagstreff eller i gravferd; og Sandra sitt musikalske spel og fine melodiar på klarinetten og fløyta. Tusen takk! Og så er dei to gode og kjekke menneske som vil bli sårt sakna! Einaste trøysta for oss som blir igjen er at ingen er uerstatteleg - sjølv om eg i dette tilfellet av og til tvilar litt!



HELGE HENJUM:

Diccon har vore ein stor del av oppveksta mi, og han har gjort at eg er så glad i og så oppteken av musikk. Ein fantastisk lærar og ein fantastisk person! Eg tenker på all glede og musikk han har gitt Leikanger opp gjennom åra. Bygda har mykje å takke han for. Takk for alt Diccon og god tur tilbake til England!



ROAR SANDNES: Diccon og Sandra kom til Leikanger tidleg på 90-talet, og har sidan vore sentrale personar i bygda sitt kulturliv. Dei har vore ryggraden i kulturskulen i ei årrekke, og har dirigert det som finst av kor og korps i den vetele bygdi vår (og det er mange!) Diccon og Sandra har bidrege i dei fleste genrar frå pop/rock, jazz, klassisk, kyrkjemusikk og renessanse. (Me hadde til og med ei rapgruppe på gang...) Dei har spela og instruert i alle samanhengar og besetningar

frå kor, korps, storband, symfoniorkester mm. Når Diccon og Sandra trekkjer seg attende for å nyta sitt velfortente otium, må me klara oss sjølve. Det blir ikkje enkelt å fylla dei skoa.



GRO SELÅS:

Sandra og Diccon har til saman dirigert Leikanger Musikklag i 18 år. Vi har aust av deira musicalitet. Ingenting er for vanskeleg, for slitsamt, for stort eller for smått for dei. Dei komponerer, arrangerer, dirigerer. Dei spelar så å seie alle slags instrument.

Dei arrangerer turar, fortel historier og gler oss med engelske juleskikkar. Leikanger musikklag er grundig bortskjemt. Sandra og Diccon har hjernen og hjartet på rette staden.



ODRUN UGULSVIK MYKLEBUST:

Dei er musikalsk solide og har tilført bygda mange gode opplevelingar gjennom musikken. Mange har fått kjennskap til sitt instrument med desse to i kulturskulen-. Uhøgtidelege og leikande, lun humor og snert i kommentarane, er noko eg forbind med Diccon og Sandra.



# Tårnagenthelg i Stedje kyrkje

## TÅRNAGENT-HELG I STEDJE KYRKJE.

Spindelvev og edderkoppar, jakt på symbol og møte med mystiske personar, i delar av kyrkja som nesten ingen andre har vore i. Å vera Tårnagent krev litt mot og mykje nysgjerrigkeit. Det var jammen bra at me var fleire som kunne utføre oppdraga ilag. Her får de ein liten snakebit frå helga, i ord og biletet, utan å røpe for mykje for kommande agentar...

Tårnvandring, puslespel, eit hemmeleg møte med eitt augevitne, gode tips frå ein agent, god mat, fellesskap, song, leik og moro.

Eit av dei største oppdraga for helga var å lage gudsteneste saman. Agentane fekk ulike oppgåver. Nokon laga bøner, andre klippte ut hjerter til velkomsthelsing til alle, nokon øvde inn samlingsbøn og laga «bønetre», medan ei gruppe agentar førebudde og hadde ein del av preika. Dette vart gjennomført med stor iver og glede, som me såg smitta over på dei som var med å feira Tårnagentgudsteneste søndagen. Tårnagentane kom med ei oppfordring som dei song høgt til alle i kyrkja: Vi skal jobbe for det gode. Bruke hjertet, bruке hove. Bibelen har gode ord, vi skal sette gode spor – Kom, kom, kom og få ein Himmel over livet!



## Fakta om Tårnagenthelg:

Dette er eitt av tiltaka i trusopplæringsplanen vår. Tiltaket er for alle døypte 8-åringar i alle sokna i Sogndal og Leikanger. Ikke døypte kan også ta del.

# Kor kristen må du vera for å gå i kyrkja?

**Eg har vore ute snakka med folk. Det bør no ein som har vore prest i 27 år har gjort før. Men det nye er at eg har gjort det systematisk. I 2014 oppsøkte eg ein person i kvart alderstrinn i kyrkjelyden og dei fortalte om seg sjølv og sitt forhold til kyrkja og den kristne trua.**

Det har vore ei spennande reise.

Det var ein som sa fylgjande: "Stundom har eg tenkt på kor mykje makt presten har. Står høgt der oppe og kan snakka samanhengande utan å verta avbroten eller motsagt. Det må vera spennande å stå på scena kvar sundag."

Denne sundagen har eg fått tildelt eit tema: "Kor kristen må du vera for å gå i kyrkja".

Nokon tenker kanskje at dette er eit unødvendig spørsmål. Du treng vel ikkje vera kristen i det heile teke for å gå i kyrkja? Men spørsmålet er ikkje så dumt. Det er nemleg mange som kjenner på dette: Eg passar ikkje inn. Eg strekk ikkje til i det fellesskapet som samlast i kyrjerommet. Eg er ikkje god nok.

"Kva er ditt ynskje for kyrkja?", spurde eg mine samtalepartnarar. Ein svara slik:

- At du kunne gå i kyrkja utan dress
- *Men det kan du*
- Men det følest ikkje slik

"Det står alle velkomne på plakaten, men det er ikkje alle som føler det slik."

Kari Kitty leste om Sakkeus. Han var heller ikkje stoverein i fellesskapet i Jeriko. Det var ikkje berre på grunn av sine låge vekst han vart sett ned på. Så sat han der på greina i treet, før han vart kalla ned av Jesus sjølv, og lukka inn i eit fellesskap.

Lukasevangeliet viser at det er dei som ikkje kjenner seg kristne i det heile teke som Jesus tek inn hjå og held seg med.

## Ein skandale

Luk 7,36–50 er den oppsette teksten denne sundagen.

Slå den gjerne opp og les sjølv.

Det var litt av ein skandale! Eller kva hadde de sagt om einkvan hadde kome inn her, midt under preika og begynt å kyssa presten? Det skulle vel blitt ein snakkis på arbeidsplassane i morgen?

Det har forresten skjedd. Det er sant. Ikkje med meg, men med ein tidlegare biskop i Stavanger, Bjørn Bue. Stavanger domkyrkje var fullsett og det var like før biskopen skulle lysa velsigninga. Då høyrde alle noko bråk nede ved vestdøra. Så braut ei skingrande kvinnestemme stilla. Ei kvinne i 30-åra, sjuskete kledd gjekk ustødig opp midtgangen. Tydeleg rusa. Men ingen prøvde stansa henne. Ho nådde trinna opp til koret, armane var strekte ut med og andletet var fyllt av smerte og angst. Sjølv om ho var sterkt rusa, var det ho sa tydeleg nok. Ho ropte at ho var ein syndar, prostituet med barn utafor ekteskap og stoffmisbrukar. Var det nåde for henne? Biskopen hadde ynskt alle velkommen i starten av gudstenesta, men var ho velkommen? No var ho framme ved altaret. Biskopen sto og venta og rørte seg ikkje. Ho kasta seg i armane hans og han avviste henne ikkje. Han heldt henne i armane og sa at Jesus Kristus tilgir og tek imot og elskar alle. Utan unntak.

**SALMAR & KAFFI**

*Den nye kveldsgudstenesta i Leikanger kyrkje*

Kjell Olav Nordheim  
Egon Askvik  
Diccon Pearce  
Kjell Bergsvik (saksofon)  
Ottar Husum (slagverk)  
Diljin Ali (song)  
Sognagospel Spesial  
Damedn  
Bjørg Anda, Hege Feit Askvik,  
Gerd Haugen, Jean Rockwell,  
Kari Kitty Stadheim, Tove Stensås,  
Monica Ugulsvik, Bjørn Sølsnæs

Kollekt til  
Amnesty International

**Me syng saman  
Kyrkjekaffi**



Sundag 1.mars kl.19 Me syng oss saman frå kl.1830

## Eit fint ord

Inkludering er eit fint ord, men det er vanskeleg å praktisera. Me ynskjer mangfald – eller gjer me eigentleg det? Når menneske kjem – også dei me ikkje likar – og gjer seg gjeldande?

Eg vil seia noko om det me møter i kyrkja som kan verka ekskluderande.

*Truedkjeninga.* Eg trur, heiter det. Kva om eg tvilar, kan eg ta del i dette talekoret? Ja, fordi dette ikkje berre er ei oppramsing av kva du privat kan prestera av tru. Dette er kyrkja si tru som du tek del i. Du er ein del av eit truande fellesskap også om di tru er lita og veik og om du er velkjend med tvil.

*Kollekten.* Me hadde diskusjon om kollekten eller takkofferet, som det vert kalla. Kvifor må me ha denne pengetigginga? Me gjer det fordi det minner oss om at me aldri skal verta oss sjølve nok. Verda er større. Det finst menneske og organisasjoner som treng vår støtte og solidaritet. Me treng retta blikket utover. I dag er det Amnesty International som har vår merksemd.

*Nattverden.* Mange har eit anstreng forhold til nattverden. "Er eg kompetent nok" som ei spurde, ganske treffande for korleis mange kjenner det. Nattverden er ikkje for dei som er kompetente nok, men tvert om for dei som ikkje strekk til og treng Jesus Kristus. Punktum. Når me har nattverd i gudstenesta i dag er det to ting som skal seiast: Det skal vera lov å sitja i benken, vera med i songen eller tenna eit lys. Men det skal også vera lov å bana seg veg fram og ta imot brødet og vinen. Det betyr ikkje at du er perfekt, men at du vil høyra til i dette fellesskapet. Me vert ikkje meir inkluderande av å ta vekk sentrum i den kristne trua og i den kristne gudstenesta. Og så får me hjelpa kvarandre med deltakinga og akseptera kvarandre sine val.

## Kor kristen må du vera for å gå i kyrkja?

Me er eit fellesskap som må øva oss i å opna opp og ta imot alle, dei som er veldig kristne og dei som er litt. Når me no set i gong desse kveldsgudstenestene er det eit forsøk på aktivt å gjera meir av dette.

Det er heilt greitt med dress. Du må gjerne pynta deg. Det er heller ikkje forbode å visa seg frå si beste side. Men det er når me vågar visa at me er svake og sårbare at me kjem kvarandre nærrare. Og ho som kjem utan ein vellukka fasade eller han som kjem med eit øydelagd liv skal kjenna "at her høyrer eg heime", som det heiter i ein song.  
Amen.

Egon Askvik



## SALMAR OG KAFFI PÅ EIN SØNDAGS KVELD

Heldigvis fekk eg med meg at det skulle vera ei litt annleis gudsteneste søndag kveld. Som ikkje altfor aktiv kyrkjegjengjar, har eg i fleire samanhengar uttrykt at klokka 11 på søndag føremiddag ikkje er noko godt tidspunkt for meg for meg å komma i kyrkja. Tenk om ein heller kunne ha det på kveldstid? Så no var det berre å stilla opp!

Eg var litt usikker på om eg skulle komma klokka halv sju eller venta til sju, men eg sat i benken i god tid før halv sju, og det er eg glad for. Dette vart nemlig ei veldig fin og litt uformell innleiing til sjølve gudstenesta, der me song saman nye og for meg heilt ukjente salmar, slik at me «kunne» dei under gudstenesta. Nokre av melodiane var krevjande, men med nydeleg tonefølgje frå både saxofon, piano, bass, trommer og kor gjekk det fint likevel. At bassisten stilte i prestekjole, la ikkje nokon dempar på stemninga.

Sjølve gudstenesta fortsette litt på same måte, i ein lett og ledig tone og med eit stort og viktig tema: Kven er god nok til å komma i kyrkja? Den kjende og kjære salma «Nærare deg, min Gud» vart songe av full hals av kyrkjelyden og det var nattverd og lystenning, med stor deltaking. Me fekk òg servert sognagospel med flott vokalprestasjon.

Eg trur me alle kjende oss gode nok denne kvelden og eg såg berre smilande ansikt på vei ut og forbi kaffikøen. Stor takk til Egon og dei gode hjelparane hans for ei fin kyrkjeoppleving!

Åse Kongsvik

# I kriser er vatn kritisk



**Ruinar: Muhammed Irshad framfor det som ein gong var inngangsdøra til huset. – Her kom flaumen frå, seier han og peikar. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.**

**Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og trugar menneske sitt tilgjenge på reint vatn. I haust overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.**

**Det er dei fattigaste som vert hardast ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filippinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.**

Ein av dei som nyleg har fått merke dette på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har tre born, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgon tidleg i oktober kom flaumen brått til landsbyen.

- Vatnet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe i tryggleik. Vi sprang til næreste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

## Vart sjuk av vatnet

Familien vart buande på denne landevegen utan ly i over ein månad, ventende på hjelpe. Då flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korkje husdyr eller annan eigedom. Huset vart fullstendig øydelagd og husdyra

drukna.

- Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed.

Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammeds familie. Tidlegare jobba Muhammed som tryggleiksvakt og heile storfamilien var avhengige av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed vere saman med familien og han miste difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevatnet er forureina.

- Dottera mi på to år er blitt sjuk av å drikke vatnet etter flaumen. Det er så vidt vi hadde råd til å betale for medisinane ho treng for å overleve, fortel han alvorleg mens kona held dottera tett inntil seg.

Kirkens Nødhjelp sin partner Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gje Muhammed og landsbyen nye handpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre at landsbyen på nytt får trygt vatn.

## Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei

sørgjer for reint vavn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samstundes jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. I tillegg prøver Kirkens Nødhjelp å påverke politikarar og andre som styrer og tek avgjelder, til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelpe. 24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydane sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vavn når katastrofen rammar. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015 i Leikanger.

Familien: Muhammed Irshad og familien hans fikk livet endra totalt når flaumen ramma landsbyen. Huset vart fullstendig øydelagt, og den yngste dottera, Sadia (2), har vorte sjuk av det forureina vatnet. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.



## ! Kyrkjeringane sitt vårmøte

Kyrkjeringane i Leikanger har sitt felles vårmøte onsdag 15. april kl. 19 i kyrkjelydshuset. Soknepresten har andakt og det vert servering og utlodning.



Andres og Malin var bøsseberarar i fjor.

## Bøsseberarane kjem – ha pengane klare !

Fasteaksjonen er kyrkjelyden sin store dugnad. I fjor samla me inn heile 47.000 på ein ettermiddag. Greier me å slå den rekorden i år?

Det står respekt av det viktige arbeidet konfirmantar, foreldre og soknerådsmedlemer gjer. Og dei vert veldig glade og oppmuntra når dei møter velvilje og oppmuntrande ord når dei ringjer på dørene.

I år har Kirkens Nødhjelp to fokus. Det eine er å gjere folk medvitne om kva som skjer med klimaendringane og vere med i aksjonar. Dei innsamla midlane skal mellom anna gå til å skaffa reint vavn til dei som er råka av naturkatastrofar.

### Tysdag 24. mars er innsamlingsdagen

Det er soknerådsleiaren, Anne Kristin Aarskog og Erna Flatabø som organiserer innsamlinga saman med konfirmantforeldre Eli Nes Killingrød, Ingeborg Fredhein, Pia Hickman, Sigrid Fardal og Eva S. Fosshagen.

Om du ikkje har fått besøk av bøssebærar før klokka 20 på aksjonsdagen, kan du ringja Anne Kristin på tlf 950 46 062.



## Kven skal styre kyrkja vår?

**Den 14. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar.**

Forslag på kandidatar til soknerådet kan meldast til nominasjonskomiteen i soknet ditt innan 15. april 2015. Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år kan veljast.

### Alternative lister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomité som skal lage ei liste. I denne komiteen sit: Bjørn Sølsnæs, Jorunn Mundal, Kari Kitty Stadheim og sokneprest Egon Askvik. Det er i tillegg høve for andre å levere inn eigne kandidatlistar innan fristen 1. mai 2015. Forslag til kandidatlistar skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemer. Kontakt kyrkjekontoret for å få vita krav til kva opplysningar som skal vera med om kvar kandidat. Kandidatlistar bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Når det er tid for å velja, vil alle kandidatar på lista få ei røyst kvar, medan inntil tre av dei kan få to røyster kvar dersom veljaren set kryss framfor namnet til kandidaten. Det vil også vera mogeleg å overføra namn frå ei liste til ei anna, dersom det er fleire lister.

### To val

Kyrkjevalet finn stad 14. september 2015 i Saften, med førehandsrøysting på tinghuset (kommunen) frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Medlemene av bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingsvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.

### Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvane og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien.

Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0–18 år
- Diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalar seg ved tilsetjing av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden
- Røystar på tre av dei leke kandidatane til bispedømerådet/Kyrkjemøtet
- Soknerådet har ein representant i kyrkjeleg fellesråd som tek seg av dei administrative og økonomiske oppgåvane på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar.

Det er 6 faste medlemer i Leikanger. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg er presten fast medlem i rådet. Soknerådet møtest 3-5 gonger i halvåret. Medlemmene vert valde for fire år.

### Gode grunnar for å stilla til val:

Du medverkar til å halda lokalkyrkja levande  
Du vert ein del av eit kristent fellesskap  
Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet  
Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje

Kjelde: [kyrkja.no/val](http://kyrkja.no/val)



Noko av det første som skjer framover er å skaffe folk som er villige til å stå på vallista. Du kan difor bli oppringt i den nærmaste tida og spurt om du kan vere interessert i dette. Har du eit ynskje om å vere med i dette arbeidet, er du sjølvsagt også velkommen til å melde deg som kandidat til lista. Du tek då kontakt med ditt lokale sokneråd om dette. Alle som er medlemer i Dnk og som er over 18 år (eller fyller 18 år innan utgangen av valåret) er valbare og aktuelle kandidatar til å stille til val.



**Kyrkjevalet**  
2015  
[www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Godt humør og ein god tone har prega arbeidet i soknerådet. Leikanger sokneråd 2011–2015 frå v. Steinar Velle, Borgtor Bøyum, Anne Kristin Aarskog, Erna Flatabø, Dagny Ugulsvik Alvik og Linda Grebstad Grinde

## Distribusjonsavdelinga

Det er Systrand damekor som står for distribusjonen av Leikanger kyrkjelydsblad.

Bygda er delt inn i faste roder og det går på rundtgang mellom kormedlemene kven som går rundt med bladet. Sjølv om bladet vert delt ut på øvinga ein torsdag kan det gå nokre dagar før alle har fått delt ut sin bunke. Så ikkje fortvil sjølv om nokon har fått bladet før deg!

Om du har hatt problem med leveringa og sakna bladet i postkassen, kan det vera greitt å melda frå til Astrid Lernes, [astle@online.no](mailto:astle@online.no) tlf 920 22 176. Ho er kontaktperson for distribusjonen.



Nokre av distributørane: Nora Sterri, Gerd Haugen, Astrid Lernes, Grete Hamre, Rita Steig, Signy Årnes, Tonje Fjeld Hæreid, Lisbeth Dahle, Turid Måseide, Karine Helset, Johanne Malene Teigen, Erna Pettersen Vikdal.

# Pusterom

- ein konsert med koret *divisi* og Sognagospel.

15 år er gått sidan *divisi* sist besøkte Sogn. No er koret tilbake, denne gongen med konsertprosjektet "Pusterom". Laurdag 11. april kl. 18.00 inviterer *divisi* til konsert på SIM-huset saman med pianisten Trond Akerø-Kleven og Sognagospel. "Me ynskjer å skape eit pusterom i kvardagen, ei konsertoppleveling der hjerte og sjel kan få ro og der ein gjennom musikken kan få eit glimt av alt det store Gud gjer og har gjort for oss", forklarar *divisi* sin dirigent Anders Berglund.

Konserten vil romme eit breitt repertoar. Det blir alt frå vare og underlege salmar, både gamle og nyskrivne, til vakre gospelballadar med smokebitar frå *divisi* si siste plateinnspeiling "Du er". -Ei gospelplate med norske tekstar og utelukkande eigeprodusert materiale. Konserten i Sogndal er ein del av *divisi* sin Vestlandsturne med opptredenar også i Knarvik, Bygstad og Voss.

*divisi* består av 25 erfarne songarar frå heile Sør-Noreg og møtest fem helgar i året til øvingar og konsertar. Koret blei starta på Bildøy Bibelskole tilbake i 1983 og har framleis si tilknyting der. I løpet av desse åra har koret halde over 300 konsertar, spelt inn 11 plater og turnert landet på kryss og tvers. Høg kvalitet og stor variasjon i sjangrar er eit uttalt mål for koret og gjenspeglar seg mellom anna i dei mange plateproduksjonane og tidlegare store konsertprosjekt som Handels Messias og ororiet Paulus.

11. april er det altså i Sogndal det skjer. Velkommen til Pusterom.

# Pusterom

EIN KONSERT MED KORET

*divisi*

OG

SOGNAGOSPEL

Laurdag 11.APRIL

SIM-huset i Sogndal  
kl. 18:00



BILLETTAR:  
150,-, Stud: 100,-  
Born u/12 år gratis  
Familie: 400,-

Indremisjonsforbundet

BILDØY

BIBELSKE

MISJON UTE

GRENSE

FOR MEIR INFO  
[www.divisi.no](http://www.divisi.no)

# Salmar og kaffi

Systrond damekor

Sandra Pearce

Diccon Pearce

Egon Askvik

Kjell Olav Høstaker

Nordheim

mfl.

Kollekt til  
kyrkjelydsarbeidet

Sundag 7. juni kl 19  
Me syng oss saman frå klokka 1830



## KORSETS VEI



Sølvi Heggem Lundin vil langfredag  
kl. 19 framføre pasjonsdiktet "Korsets  
vei" saman med organist Diccon Pearce.  
Sokneprest Kjell Sæter deltek også.



"Krossvegen" eller  
"Lidingsvegen" er eit fransk  
pasjonsdikt av Paul Claudel,  
omgjort av Truls Winter frå  
dansk til bokmål.

I oldkyrkja gjekk visstnok  
kristne i Jersualem kvar  
langfredag den vegen Jesus  
hadde gått – frå Pilati borg  
til Golgata og vidare til den  
tomme grav. Etterkvart vart  
det tradisjon at kyrkjelydane  
foretok ei symbolsk "vandring"  
i kyrkjerommet for å minnast  
og meditere over Jesu  
lidingsveg.

Krossvegen er i kyrkjeleg  
tradisjon knytt til 14 bilete  
eller "stasjonar", der ein  
stansar opp og mediterer over  
påskebodskapen.



Tor Lindrupsen 79


# Klassisk påske i Leikanger

Denne påska tek Mari Askvik med seg eit knippe musikarar frå Oslo til Sogn. Dei skal halde til i Leikanger prestegard og spele konsertar og ta del i gudstenester i Leikanger og Aurland. På plakaten står "Stabat Mater" av Pergolesi.

Mari Askvik vart ferdig med sin mastergrad ved Operahøgskolen i Oslo i fjor vår. No jobbar ho som frilansar, og har nettopp tilbrakt vintermånadane ved Operaen i Kristiansund. Der har ho sunge Alisa i "Lucia di Lammermoor" av Donizetti. Resten av våren skal ho tilbringe i Stuttgart, der ho tek songtimar med Prof. Turid Karlsen. Til hausten ventar engasjement som Mercedes i "Carmen" av Bizet ved Ringsaker Operaen. Mari er i 2015 fast songar i Det Norske Solistkor.

Med seg har ho sopran Margrethe Fredheim som ho studerte med på Operahøgskolen i Oslo. Margrethe tok sin master delvis ved Manhattan School of Music i New York, og på Norges Musikkhøgskole. Ho vart også ferdig i fjor vår, og har denne vinteren vore i Tyskland der ho har gjort Frau Fluth i "Die lustiger Weiber von Windsor" av Otto Nicolai ved Rudolfstadt Theater. Til jul debuterer ho i Frankrike ved Opera Rennes som Norina i "Don Pasquale" av Donizetti.

Verket "Stabat Mater" av Pergolesi er skriven for sopran, mezzosopran, strykekvartett og orgel. Denne gongen vert det framført utan orgel. Dermed er det to songarar og ein strykekvartett som kjem på vitjing. Strykekvartetten består av Mari Bølgen Halvorsen (fiolin), Ragnhild Kyvik Bauge (fiolin), Einar Kyvik Bauge (bratsj) og Sverre Kyvik Bauge (cello). Dei tre sistnemnde er sysken og alle noverande eller tidlegare studentar ved Norges Musikkhøgskole. Einar er masterstudent og Ragnhild er bachelorstudent, medan Sverre fullførte mastaren sin ved Aaron Copland School of Music i New York i fjor. Sverre jobbar no som frilansar og er likeins med Einar medlem i det profesjonelle kammerorkesteret Ensemble Allegria. Mari Bølgen Halvorsen fullfører sin mastergrad ved Norges Musikkhøgskole våren 2015 men jobbar allereie aktivt som frilansar, blant anna i Ensemble Allegria og som vikar i Kringkastingsorkesteret.



Mari Askvik




Margrethe Fredheim



Mari Bølgen Halvorsen



Einar Kyvik Bauge



Ragnhild Kyvik Bauge



Sverre Kyvik Bauge

"Stabat Mater" vart skriven av Giovanni Battista Pergolesi i 1736, og var saman med "Salve Regina" det siste han skreiv berre vekene før han døydde av turberkolose i 1736, 26 år gammal.

Verket består av tolv arier og duettar mellom sopran og mezzosopran. Dei tolv satsane er varierande i tempo og uttrykk og har tekst henta frå middelaldersalmen "Stabat Mater Dolorosa" av Jacopo di Todi.

Teksten gjev uttykk for Jomfru Mari sin klagesong for hennar krossfestne son, der ho står ved foten av krossen på langfredag.

I den norske salmeboka finn ein denne teksten brukt i salme 167 "Under krossen stod med tåra". Norsk tekstu vert å finne i programarket på konsertane i påska.

Påskeaftan skal "Satbat Mater" gjerast i Leikanger kyrkje, som matinékonsert kl 14.30. Det vert fri entré, med kollekt ved utgangen som går til utøvarane. Det same gjeld under konserten i Aurland.

**Skjærtorsdag kl. 19:00** Deltek på kveldsgudsteneste i Leikanger kyrkje: Satsar frå "Stabat Mater" av Pergolesi

**Påskeaftan kl. 14:30** Matinékonsert i Leikanger kyrkje: "Stabat Mater" av Pergolesi

**1. Påskedag kl. 11:00** Deltek på høgtidsgudsteneste i Leikanger Kyrkje: "Laudamus te" frå Gloria av Vivaldi


Hjarteleg velkomme til konsertar og gudstenester!  
[www.stabat.mater.no](http://www.stabat.mater.no)

## Nytt lesepultklede i kyrkja

Under gudstenesta sundag 1. februar vart eit nytt lesepultklede teke i bruk i kyrkja vår. Det er kunstnaren Janne Nes som har laga det.

Det var høgtidleg bore inn i prosesjonen av to 11-åringar og hengt opp. Soknerådsleiaren takka Kyrkjeringane hjarteleg for gåva.

No har me lesepultklede i kvitt, fiolett og grønt.



# LysVaken



**Den siste helga i januar var det klart for LysVaken i kyrkja. Dette er eitt av tiltaka i trusopplæringa i Leikanger. Det er ei samling for 11åringane i samband med at dei får Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga, i gave frå kyrkjelyden. Les kva nokon av 11åringane, og ei av dei gode Englevaktene, likte best med denne helga:**

*Vilde:* Eg hugsar best historia om kong David. Eg hugsar også godt sangen Må Gud velsigne deg og kode b – dansen.

*Kathrine (Englevakt):* Eg syns det var ei veldig koseleg og lærerik helg på mange måtar. Imponerande at ein fekk til so mykje på so kort tid, til dømes øvde me inn gudsteneste saman.

*Thomas:* Vere med Diccon oppe ved orgelet. Der fekk vi spele og sjå inni orgelet, korleis det fungerer. Ete pizza saman med alle på laurdagskvelden! Og bygge tårn!

*Pia:* Det eg hugsar best var då vi hadde gudsteneste. Kjekt med aktivitetane i kyrkja. Det som var best med LysVaken helga var at vi fekk prøve orgelet, lære nye ting og vere i lag med alle dei andre.

*Jenny Kristina:* Eg hugsar best at vi fekk prøve orgelet. Det beste med LysVaken-helga var at nesten heile klassen deltok. Takk for ei super helg!

*Kristin:* Det kjekkaste var å lære og vise fram dansen. Eg hugsar godt då eg og Sarah bar lys framme i kyrkja. Vi fekk kjempegod skinkepizza.

*Hallvard:* Likte godt å vere med på LysVaken. Det var spennande å vere i kyrkja, og fint med felles frukost  
*Ingrid:* Det var ein kjekk måte å lære om kristendommen. Det var gøy å spele på orgelet.

*Monica:* Tusen takk til alle, både deltakarar og leiarar, saman gjorde me dette til ei kjekk, lærerik og super helg!



Frå gudstenesta sundag.



! Husk bladpengane - giro vedlagt.



Nærstudie av døypefonten



Kristin og Aamanda var medhjelparar



Hanna instruerte KodeB-dansen



Solveig fortel

## Boka "Kyrkjefolk 2014"

Til hausten kjem boka "Kyrkjefolk 2014". Det er presten Egon Askvik som har snakka med store og små systrendingar om forholdet til kyrkja og den kristne trua. Boka kjem ut 1. oktober og skal lanserast i samband med Fruktbare dagar 2015.

Biskopen har meldt at han ynskjer vera med denne dagen og det vert storsamling i kultursalen i Saften. Boka kjem på Skald forlag og Leikanger sokneråd får overskotet av salet.

Før sommaren vert det høve til å førehandsbestilla boka.



Sundag 10. mai kl 18 vert det



Runar Netland (t.v.) og Fredrik Svabø står bak dette prosjektet

## Jazzmesse i Leikanger kyrkje

"Jazzmesse" er ei musikkmesse komponert for jazzsekstett.

Messa er satt saman av eit spennande og variert lydbilete, med både instrumentale og vokale verk. I tillegg til ein unik og annleis liturgi, er konseptet basert på tekstmeditasjon med tilhøyrande musikkstykke til bibelversa. Alle verka er komponert og arrangert av musikkstudentane Runar Netland og Fredrik Svabø (bildet), og alle salmane er reharmonisert og arrangert av Netland. Vi ynskjer å gje ei musikalsk og åndeleg oppleving som kyrkjelyden i hovudsak skal lytte til, men også delta i."

Medverkande i konseptet:

- Runar Netland, slagverk. Bachelorkand. ved Musikk, Menighet & Ledelse, NLA Oslo
- Fredrik Svabø, gitar. Bachelorkand. ved Utøvende Rytmisk Musikk, NLA Oslo
- Ester Lorentzen, vokal. Bachelorkand. ved Musikk, Menighet & Ledelse, NLA Oslo
- Halvor Askim, kontrabass. Bachelorkand. ved Musikk, Menighet & Ledelse, NLA
- Fred Håkon Klausen, tangentar. Bachelorkand. ved Musikk, Menighet & Ledelse, NLA Oslo
- Thomas Nordvik, trompet. Teknisk Leder, St. Jakob Kirke, Bergen
- Håkon Aulie, lydproduksjon. Lydteknikar ved Nationaltheatret AS

Fri entre – kollekt ved utgangen

# Ikkje ta frå oss prestane våre

I førre nummer av kyrkjelydsbladet spurde Steinar Velle om prestane på nordveggen fortener ein så dominerande plass som dei har i dag. Dette tolkar eg som eit spørsmål om prestebileti skal takast ned eller om dei skal få hanga.

Dei fire presteportretti er måla av Elias Fügenschou, den viktigaste norske barokkmålaren ifylgje Store Norske Leksikon. Det ligg mykje interessant historie og sterke lagnader bak desse portretti. Steinar Velle trekkjer ikkje i tvil den kunst- og kulturhistoriske verdien, men spør om portretti fortener den plassen dei har i kyrkja i dag. Han argumenterer med at 1600-talet var ei vond og mørk tid for landet vårt. Eg tykkjer ikkje ein del av historia vert mindre viktig fordi han var vond og mørk. Motgang gjer sterkt, heiter det. Den største feilen me gjorde etter 1814 var å fjerna mest alle spor etter dansketida - ei tid som har vore med og forma det Noreg me kjenner i dag. Skal det berre vera eit mørkt hol mellom 1349 og 1814?

Men 1600-talet var òg ei stordomstid for Leikanger. Bygdi vår var sentrum i Midtre Sogn og Leikanger var eit av dei mest ettertrakta prestekalli i landet. Det var denne tida sokneprest Sverre Daae, som mange enno hugsar, lengta etter då han leia restaureringsarbeidet av kyrkja med stødig hand. Interiøret er nøyne gjennomtenkt ned til minste detalj, og prestebileti utgjer ein del av denne heilskapen. Daae'n kjempa i 23 år for å få dei gamle portretti attende i kyrkja si eige. Å fjerna prestane frå veggen vil øydeleggja heilskapen i eit vakkert interiør og

vera eit svik mot Daae'n sin innsats for kyrkja og bygdi.

Å vera kristen i dag er å ta del i ein tradisjon som går attende til Jesus Kristus. Prestane på veggen er ein del av den lange rekka med kristne mellom Jesus og oss. Dette er menneske som har gått føre, men som er del i den same kristne fellesskapen. For meg har dette gjeve tryggleik, identitet og tilhøyrslle. Dei gamle 1600-talsprestane og Sverre Daae har alle sett sitt preg på kyrkja og bygdi. Me skal vera takksame for innsatsen dei gjorde, og gjera vårt beste for å vidareutvikla denne arven inn i framtida. Lat prestane hanga på veggen til inspirasjon for oss og komande slekter!

- Bjørn  
Sølsnæs



## Glede og sorg

### Dåp

- 30.11.2014 Brage Harkjerr Frimannslund  
25.01.2015 Lars Johan Jørstad Røysum Døypt i Vestre Gausdal kirke  
01.02.2015 Robin Reksnes Randen  
15.02.2015 Linnea Borlaug Stølen

### Gravlagt

- 28.11.2014 Gerd Kristine Seim  
12.12.2014 Kåre Lunde  
19.12.2014 Oddny Eithun Bisetting  
29.12.2014 Bjarne Lund  
13.01.2015 Kjellaug Bårgard  
04.02.2015 Geir Nilsen  
20.02.2015 Dagny Henjum



Støtt våre  
annonsørar-  
dei støttar oss!



Leikanger auto  
Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no  
www.leikangerauto.no



Tlf: 57 65 11 00

Sogn  
gravferdshjelp




Telefon heile døgnet: 57 68 14 77  
Kjell Grønli  
Anna Helen Hamre  
Hege Urnes  
Helge Torstad  
Fossetunet 4, 6856 Sogndal

Aarskog

bakeri og konditori AS

Telefon 576 53 422



Sogn Kontorsenter

Leikanger - Årdal  
57 67 66 99

[www.sognkontorsenter.no](http://www.sognkontorsenter.no)



sparebanken  
sogn og fjordane

Tlf 57 82 97 00  
[wwwssf.no](http://wwwssf.no)

coop  
prix

LEIKANGER  
Fjord Hotel as

Tlf: 57 65 60 20

KIWI <sup>FAST</sup>  
mini  
pris

TIPPING - RIKSTOTO  
9-21 (20)



Opningstider:  
mån, tys, tors og fredag 09-1630  
onsdag 15-20  
laurdag etter avtale  
Tlf: 57 65 35 70

# Oppslagstavla!

## ALLE SOM FYLLER 6 ÅR I 2015

Alle seksåringar vert bedne inn til Borna sin påskfest sundag 12. april kl. 11 i kyrkja. Då får dei ei fin 6-årsbok og får møta konfirmantar, presten Egon og trusopplæraren Monica. Det vert ei samling for seksåringar/foreldre kl. 10. Innbyding er sendt i posten. Hjarteg velkomne.

## TYSDAGSTREFFET

Neste treff er 24. mars, deretter annakvar tysdag kl.1130-14 i Kyrkjelydshuset, fram til mai. Startar med trim, fortset med varm mat, andakt ved presten og dagens gjest, kaffi og prat. Veldig sosialt - som ei sjømannskyrkje i innlandet.

## BABYSONG

Born under eitt år m/foreldre samlast til song, mat og prat. Kvar torsdag kl.11-13 i Kyrkjelydshuset. Det er Sandra Pearce som er leiar for dette trusopplæringstiltaket.



## STRIKKA LESTAR?

Konfirmantane har ein fin skikk når me er i kyrkja. Dei tek av seg utesko. Det betyr at det er alltid reint og fint etter dei. Men det kan vera golvkaldt i kyrkja og me har nokre par lestar som dei kan bruka.  
No ventar me eit stor konfirmantkull til hausten. Vil du vera med og strikka? Gje melding til presten om kor mange par du strikkar. Levering 15. august i våpenhuset i kyrkja.

## DUGNAD PÅ LEIKANGER KYRKJEGARD

Torsdag 23. april kl.18. Ta med hagesaks og rive, og gjerne litt mat og kaffi.



## Hugs bladpengane

Bruk vedlagte giroblankett.

Konto til Kyrkjelydsbladet er 3781.07.30316

Mange har gitt uttrykk for at dei set pris på Leikanger kyrkjelydsblad. Alle som steller med bladet gjer det på dugnad, men trykking og distribusjon kostar. Takk til alle som støttar bladet med bladpengar og gåver.

Me er også glade for dei som støttar oss med annonsering. Hvis du/firmaet vil annonsera på side 22, ta kontakt.

Har du tips til stoff i kyrkjelydsbladet, ta kontakt med redaksjonen.

# KYRKJEKALENDER VÅR/SUMAR 2014

## MARS

### Sundag 22. mars, Maria bodskapsdag

Kl. 19 Marimesse. Konfirmantane leier gudstenesta. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

## April

### Skjærtorsdag 2. april

Kl. 19 Kveldsgudsteneste. Solistar og strykekvarsett tek del.

### Langfredag 3.april

Kl. 11 Nattverdsgudsteneste på Leikanger sjukeheim. Solistar og strykekvarsett tek del.

Kl. 19 Paul Claudel: Korsets vei. Sølvi Heggem Lundin, Diccon Pearce og Kjell Sæter

### Påskeaftan 4. april

Kl. 1430 (merk tida). Påskematiné Solistar og strykekvarsett. Kollekt ved utgangen (sjå omtale).

### Påskedag 5. april

Kl. 11. Høgtidsgudsteneste.

Solistar og strykekvarsett deltek. Dåp. Takkoffer til "LEVE" Kyrkjekaffi

### Sundag 12. april 2. sundag i påsketida

Kl. 11 Bornas påskefest. Konfirmantane og Monica Ugulsvik tek del. 6-åringane får bok.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Samling for seksåringane og foreldra kl 10.

### Sundag 26. april kl. 11 4. sundag i påsketida

Kl. 11 Gudsteneste. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband

## Mai

### Sundag 10. mai 6. sundag i påsketida

Kl. 18 (merk tida) Jazzmesse. Kollekt ved utgangen. Sjå eigen omtale

### Sundag 17. mai kl. 1015 Grunnlovsdag/Nasjonaldag

Kl. 1015 Festgudsteneste. Speidarane tek del. Takkoffer til Sjømannskirken (Norsk kyrkje i utlandet).

### Sundag 24. mai Pinsedag

Kl. 11 og 13 Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## Juni

### Sundag 7. juni 2. sundag i treeiningstida

Kl. 19 Salmar&kaffi. Diccon og Sandra. Systrond damekor, m. fl. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 21. juni 4. sundag i treeiningstida

Kl. 11 Gudsteneste. Takkoffer til Sygna. Kyrkjekaffi

## Juli/August

### Sundag 5. juli

kl. 19 (merk tida) Takkoffer til KFUK-KFUM, Sogn og Fjordane

### Sundag 19. juli

kl. 11 Stud.teol. Maria Dale Takkoffer til Normisjon, Sogn og Fjordane

### Sundag 2. august

kl. 11 Stud.teol. Maria Dale Takkoffer til Alværa misjonssenter.

### Sundag 16.august

kl.18 Skulestartgudsteneste for 6-åringane med familie

### Sundag 30.august

kl.12 Jamneflaten, Slinde. Friluftsgudsteneste saman med Norum kyrkjelyd